



Til NVE
v/ Håkon Berg Sundet
hbsu@nve.no
nve@nve.no

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Gunn Tove Petterteig	970 18 029	2022/3204-39	«REF»	09.10.2023

Tillegg til høyringsfråsegn etter synfaring frå Kvinnherad kommune

1.0 Innleiing

Vi viser til synfaringa 19. og 20. september 2023 i saksnr. 202016892 og 202211253. Som varsla vil Kvinnherad kommune med dette levere ei felles tilleggshøyringsuttale til dei to sakene.

Tilleggshøyringsuttalen må sjåast i samanheng med kommunen si tidlegare leverte høyringsuttale, datert 22. februar 2023 og 22. juni 2023. Nedanfor vil vi kome med nokre avsluttande merknader til dei to sakene etter synfaringa. Innleiingsvis finn kommunen grunn til å merke seg at kommunen sitt krav om opning av revisjon av konsesjonsvilkåra for regulering av Maurangervassdraget, var basert på dei innspela kommunen hadde fått etter å ha annonsert at den ønskte å fremje revisjonssak i aktuelle lokalaviser, og etter å ha teke direkte kontakt med dei det vedkom sine interesser. I kravet om revisjon gjorde kommunen merksam på at det kunne vere andre krav kommunen ikkje var kjent med, som burde vurderast i saka, og at revisjonskravet difor ikkje skulle sjåast på som uttømmande. Kommunen er i etterkant gjort kjent med at enkelte grunneigarar og ulike miljø ikkje fekk med seg at krav om vilkårsrevisjon var sett i gang, men desse har sendt inn supplerande krav og innspel til revisjonssaka i etterkant. Kommunen føreset at NVE på vanleg måte vil føreta ei forsvarleg fagleg vurdering av alle krav og innspel som har kome inn i samband med revisjonsprosessen, og då også krav som har blitt sett fram så seint som i samband med synfaringa

2.0 Det er behov for konsekvensutgreiingar

Under synfaringa hadde Maurangervassdraget unormalt høg vassstand. Den høge vassstanden medførte at det vart vanskeleg å avdekkje dei område relaterte utfordringane i vassdraget. Ein fekk heller ikkje sett på konsekvensane dei omfattande reguleringane har for naturmiljøet i elvane, for ålmenta si bruk av magasina, eller i tilstrekkeleg grad påvist det påtrengjande behovet for å

innføre avbøtande tiltak – og då særleg i Øyreselva, Austrepollselva og Bondhuselva av omsyn til anadrom fisk. Ved vurderinga av krava må normalsituasjonen leggjast til grunn.

Kommunen har på vegne av allmenne interesser mellom anna fremja krav om minstevassføring i Øyreselva og Austrepollselva. Kommunen har òg peikt på at det er heilt sentralt å få betra situasjonen for fisk i Bondhuselva, herunder få avklara kva som er årsaka til at fiskeyngelen har blitt kraftig redusert – og om dette kan ha samband med at Statkraft har sett i verk årleg utspyling av tunnelen med utløp i elva. Under synfaringa stadfesta Statkraft at dei har manglande kunnskap om kraftproduksjonen si påverknad på oppvekstvilkåra for fisk i dei nemnde elvane. I oversikten over synfaringsprogrammet går det vidare fram at det òg etter Statkraft si vurdering bør «*gjøres en målrettet fagutredning som vurderer om økt vannføring gir økning i gyteområder i kombinasjon med habitattiltak i elva for å legge til rette for en samfunnsøkonomisk nytte/kost vurdering*».

Kommunen peikar på at ved søknad om ny konsesjon blir det stilt strengare krav til konsekvensutgreiingar enn det som så langt har vore *praksis i dei reine revisjonssakene*. I departementet sine «*Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer*» datert 25. mai 2012, er følgjande nemnt om forholdet mellom revisjonssak og fornyingssak og kravet til utgreiingar på side 11:

«Når tidsbegrensede konsesjoner løper ut må de fornyes. Konsesjonsmyndigheten står i utgangspunktet fritt til å vurdere om det skal gis en ny konsesjon og eventuelt på hvilke vilkår. En søknad om fornyet konsesjon kan avslås av konsesjonsmyndighetene, og konsesjonæren kan også velge å si fra seg en konsesjon. Behandlingen av en fornyelse blir som en ordinær konsesjonsbehandling, og gir større muligheter for endring av vilkår enn tilfellet er i en revisjonssak eller med utgangspunkt i de hjemmelsgrunnlag som er nevnt ovenfor.»

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar, er det krav om konsekvensutgreiingar for kraftleidningar. Det er tydeleg at miljøverknadane av å regulere eit vassdrag – og eventuelle endringar i dette – oftast vil vere betydeleg større enn for kraftleidningar. Ved ein ny konsesjon skal ein vurdere tilstanden før inngrepet, i motsetning til ein revisjon der ein skal samanlikne eit allereie bygd kraftanlegg med dei føreslåtte avbøtande tiltaka. I ei sak som denne, vil det likevel vere naudsynt å utføre naturfaglege utgreiingar basert på oppdatert hydrologisk kunnskap, i tillegg til å vurdere gjeldande konsesjonsvilkår. Dette gjeld uavhengig av det som så langt har vore praksis i tradisjonelle revisjonssaker.

Som kommunen tidlegare har peika på, er det viktig at denne saka er ei kombinasjonssak (ein revisjonssak saman med ein søknad om ny konsesjon), der dei nye inngrepa som det er søkt om konsesjon for, må vurderast i samband med allereie gjennomførte utbyggingar og inngrep som er omfatta av revisjonssaka. Søkjaren skal gjennomgå ein ny og fullstendig konsesjonsprosess, der påverknaden i heile vassdraget må vurderast som ein heilskap. I ei slik kombinasjonssak er det større rom for å forbetre vilkårsrevisjonssaka enn det elles ville ha vore. I notatet frå professor Tor Haakon Bakken (NTNU) datert 11. januar 2023, er det til dømes føreslått å sjå nærmare på moglegheita for elverestaurering når anleggsfasen er avslutta, der alle relevante tiltak for å stimulere til auka fiskeproduksjon og biologisk mangfald må vurderast. Etter kommunen si meining kan ikkje ambisjonen vere lågare enn at regulanten blir pålagt å utbetre elvane slik at dei igjen kan gi grunnlag for å oppnå ein sjølvrekrutterande eller haustbar bestand av dei ulike fiskeartane som er påvist i vassdraget.

Det vart òg avdekka under synfaringa at Statkraft ikkje har undersøkt konsekvensane for fisk m.m. knytt til ny utløpsveg frå Mauranger 2 kraftverk i Austrepollen. Det vart rett nok opplyst at vatnet har ei fart på 1-2 m³/s ved utløpet i sjøen, og det blir derfor antatt at kraftverket vil ha minimal

innverknad. Denne vassfarta føreset likevel, etter det kommunen forstår, full drift i kraftverket, og det er ikkje utgreidd kva situasjonen vil vere om kraftverket av ein eller annan grunn ikkje går med full drift. Kommunen meiner at dette òg må utgreiast.

Allereie i kravet om opning av revisjon peikte kommunen på at det er behov for konkrete utgreiingar for å underbyggje grunnlaget for dei krava som ålmenta har fremja i saka, samt for å mildne miljøutfordringane som er peika på ved dagens regulering og optimalisere ei framtidig regulering. Etter synfaringa held Kvinnherad kommune fast ved førespurnaden om at NVE snarast pålegg Statkraft å gjennomføre dei utgreiingane som er nødvendige for å gjennomføre ein forsvarleg revisjon av konsesjonsvilkåra/etablere nye konsesjonsvilkår for Maurangervassdraget, jf. også forvaltningslova § 17.

3.0 Minstevassføring og magasinrestriksjonar

Ved nye konsesjonar i dag forventast det at det blir fastsett ei langt meir skånsam regulering med eit meir miljøvenleg reguleringsreglement enn i konsesjonar som vart gitt for 50 år sidan. Etter vassressurslova § 10 (og § 66) er utgangspunktet at det ved nye konsesjonar skal **påleggjast krav om minstevassføring** med mindre det føreligg spesielle omsyn som tilseier det motsette.

Med grunnlag i dei erfaringane som er gjort etter at konsesjonen for Maurangervassdraget vart gitt, meiner kommunen at det bør utgreiast korvidt og i så fall på kva måte det er ynskjeleg å innføre minstevassføring i Austrepollrelva (som ikkje har krav til minstevassføring i dag), og auka minstevassføring i Øyreselva av omsyn til anadrom fisk. Det visast til utfordringane som var synlege under synfaringa, særleg knytt til Øyreselva der det er to utløp nederst, og der gjennomsnittleg vassføring etter reguleringa er redusert med 84 prosent. Dette har mellom anna medført at elva til tider er heilt uttørka. Ulempene som er påpeikte i tilknytning til reguleringa i tidlegare høyringsfråsegner, må reduserast til eit akseptabelt nivå gjennom tilpassingar og innføring av nye og meir miljøtilpassa vilkår.

Når det gjeld kravet om **restriksjonar for magasin**, kom det fram under synfaringa at dei praktiske utfordringane med tilgang til og bruk av magasin for ferdsel og friluftsliv – særleg om våren – har blitt betydeleg verre sidan konsesjonen vart gitt. Lokalt er det ei oppfatning av at utfordringane er større i dag enn berre for nokre år sidan, og det vart stilt spørsmål ved om det har skjedd ein endring i tappingregimet.

Uavhengig av om det har skjedd ein endring i tappingregimet eller ikkje, gjer dei store negative konsekvensane av dei to sakene (revisjonssaka og konsesjonssaka) det naudsynt med fleire avbøtande tiltak dersom Svartdalsvatn, Mysevatn, Dravladalsvatn og Juklavatn skal kunne fungere miljømessig og bruksmessig som dei sjøane ein hadde før reguleringane. Det vil seie med god tilgang til magasin, med ei enkel og trygg bruk av båt om sommaren og ein forsvarleg ferdsel over isen om vinteren. I den samanhengen må det også takast omsyn til at utbygginga av Mauranger 2 kraftverk m.fl. både kan medføre delvis lågare fyllingsgrad i magasin og delvis høgare vasstand samanlikna med dagens vasstand, og dermed påføre lokale og andre brukarar av magasin auka utfordringar og ulempene med variasjonar i vasstanden.

Kommunen er heilt avhengig av at ein kan skape ei mest mogleg stabil og føreseieleg situasjon rundt vassdraget. Kommunen ber difor NVE påleggje søkjaren å gjennomføre ein grundig og objektiv utgreiing av kva tiltak som skal setjast i verk for å betre desse forholda. I utgreiinga må dagens krav og standardar leggjast til grunn. Kommunen ber NVE dessutan påleggje regulanten å

dekke kostnadene knytte til tiltaka og sikringsarbeid som etter utgreiinga blir vurderte som naudsynte og/eller dekke utgiftene knytte til dette, til dømes i samband med tilrettelegging for fungerande båttrafikk, merking av is om våren, osb.

4.0 Økonomiske vilkår

Ved søknad om ny konsesjon, er det ingen avgrensing når det gjeld adgangen til å setje (nye) økonomiske vilkår. Utgangspunktet ved vurderinga av kva økonomiske vilkår som skal setjast i konsesjonen for Mauranger 2 kraftverk m.fl., er difor kva som blir sett som økonomiske vilkår i samsvar med ny lovgjeving der det ikkje er gjeve konsesjon i vassdraget tidlegare.

Under synfaringa vart det opplyst at kraftverka i Mauranger har ei ekstraordinær lang brukstid, der det blir produsert kraft i opp mot 6000 timar i året. Det vart vidare opplyst at ei utbygging i tråd med konsesjonssøknaden vil gi ein stor potensiell auke i energi og effekt, særleg med tanke på dei inngrepa som allereie er gjort. Det er også klart at det er ein anstrengt kraftsituasjon i denne delen av landet (NO2), der det er stort behov for den regulerbare krafta Maurangervassdraget gir. Vasskraftutbygginga i Mauranger har med andre ord stor samfunnsøkonomisk verdi, samtidig som den gir god inntening for eigarane. Kommunen meiner at ein del av denne auke verdiskapinga må nyttast til tiltak for å betre miljøforholda i heile vassdraget. Urørt natur representerer også i seg sjølv ein stadig aukande verdi, og andre aktivitetar i Mauranger har blitt skjøve til side til fordel for kraftproduksjonen. Eit sentralt prinsipp for vertskommunane sin del av vasskraftutbygginga er erstatningsaspektet, som betyr at distrikta som avstår sine naturressursar til samfunnet i konsesjonssøknaden er det oppgitt at den auke kraftgrunnlaget som følgje av utbygginga av Mauranger 2 kraftverk m.fl. vil gi ein auke i konsesjonskraftvolumet til Kvinnherad kommune på 20-24 GWh. Vidare har Statkraft rekna ut at dersom Kvinnherad kommune sel krafta vidare for 50 øre/kWh, vil kommunen få ein meirinntekt frå konsesjonskrafta på 8-9 millionar krone årleg. Kommunen har i høyringsfråsegna si datert 27. november 2023 reist spørsmål om dette kan vere rett. Korleis kommunen blir stilt økonomisk etter utbygginga, er sjølv sagt viktig for om kommunen stiller seg positiv til dette. Korleis utbygginga påverkar kommunen økonomisk – positivt og/eller negativt, må derfor også utgreiast grundigare. skal få erstatning for dei naturøydeleggingane som har skjedd lokalt.

I konsesjonssøknaden er det oppgitt at det auke kraftgrunnlaget som følgje av utbygginga av Mauranger 2 kraftverk m.fl. vil gi ein auke i konsesjonskraftvolumet til Kvinnherad kommune på 20-24 GWh. Vidare har Statkraft anslått at dersom Kvinnherad kommune sel krafta vidare for 50 øre/kWh, vil kommunen få ein meirinntekt frå konsesjonskrafta på 8-9 millionar kroner årleg. Kommunen har i høyringsfråsegna si datert 27. november 2023 reist spørsmål om dette kan vere rett. Korleis kommunen blir stilt økonomisk etter utbygginga, er sjølv sagt viktig for om kommunen stiller seg positiv til dette. Korleis utbygginga påverkar kommunens økonomi – positivt og/eller negativt, må derfor også utgreiast nærare.

Kommunen registrerer at det i konsesjonssøknaden for utbygginga av Mauranger 2 kraftverk m.fl. ikkje er nemnt noko om næringsfond og/eller miljøfond til Kvinnherad kommune. Kommunen meiner at det er fleire grunnar som gjer det nødvendig å setje vilkår om eit nytt næringsfond til Kvinnherad kommune ved utbygginga av Mauranger 2 kraftverk m.fl. For det første legg ny lovgjeving i dag grunnlag for næringsfond i nye konsesjonar. For det andre tilseier rådande samfunnsoppfatning at kommunar dette vedkjem bør kompensast for ulemper som blir påførde av "storsamfunnet", jf. til dømes Energikommisjonen i NOU 2023:3 kapittel 10.4.6.

I dag får skadane ved utbygginga som nemnt stadig større konsekvensar for andre interesser, både miljøinteresser, jordbruksinteresser, omsynet til trivsel og rekreasjonsmoglegheiter og andre næringsinteresser. Særleg er det grunn til å framheve at Kvinnherad kommune baserer mykje av næringsverksemda si på natur- og friluftsbasert reiseliv. Når reguleringa gjer isen usikker, er det til dømes vanskeleg å utnytte dei moglegheitene som ligg i å organisere skiturar over vatnet ut over våren. Det er difor rettferdig at Statkraft kompenserer andre skadelidande næringsinteresser i lokalmiljøet ved å etablere næringsfond. Næringsfond er i dag vanleg praksis som ein del av standardvilkåra.

Men også i revisjonssaka har økonomiske vilkår ein side knytt til miljøvilkåra, i den forstand at dersom dei miljømessige ulempene som er påpeika i kravet om revisjon av ulike årsaker ikkje blir retta opp, kan dette kompenserast med økonomiske vilkår. Eit pengebeløp som blir sett inn i ein næringsfond vil ikkje i seg sjølv rette opp gamle miljøsynder, men kan vere ein kompensasjon i dei tilfella der miljøulempene ikkje kan løysast. Enten fordi ulempene allereie har blitt store og er uopprettelege, eller på grunn av samfunnet si behov for å balansere kraft, eller fremja nasjonal klima- og fornybarpolitikk. Dette er i tråd med grunnleggjande miljørettslege prinsipp, jf. forarbeida til naturmangfaldlova, NOU 2004:28, der det såkalla "*natural-resource-user-pays concept*" blir omtalt på side 195. Kommunen vil understreke at også estetiske omsyn må reknast som eit miljøomsyn i denne samanhengen. Dersom NVE skulle kome til at dei ikkje finn det riktig med dei miljøvilkåra som kommunen og ålmenta krev, og forbausande nok skulle komme til at vilkåra for næringsfond ikkje føreligg i denne saka, ber kommunen at NVE uansett etablerer ein særskild miljøfond som kan gå til miljøtiltak i samband med reguleringa og i kommunane elles.

Kvinnherad kommune forventar at NVE går inn for at det skal setjast krav om næringsfond og/eller eit særskild miljøfond for å avbøte ulempene som reguleringa har påført Kvinnherad kommune. Dersom ubalansen mellom inngrep og verdiskaping ikkje blir retta opp gjennom konkrete miljøforbetnings-tiltak, føreligg det òg grunnlag for å gjenoppretta ei form for balanse gjennom eit fond som skal fremje fisk, vilt og friluftsliv i kommunen, i tråd med vassdragsreguleringslova § 17. Eit slikt fond kan til dømes bidra til årlege tiltak for å fremje fisk i vassdraget.

5.0 Andre vilkår

5.1 Opprydding av gamle tippar

Under synfaringa blei det frå Statkraft si side opplyst at Maurangeranlegga var eit av dei siste anlegga som vart bygd «*hvor man ikke var så opptatt av å rydde opp etter seg*». Statkraft opplyste vidare at dei no jobbar med å rydde opp i «gamle miljøsynder».

Kommunen er klar over at revisjonssaka har avdekt fleire manglar i tilknytning til ferdigstillinga av dei gamle anleggsarbeida, men ser det som positivt at Statkraft i samband med revisjonssaka har tatt tak i dette. Kommunen opplever òg at dialogen mellom regulanten og høvesvis kommunen, grunneigarane og turlaget om sluttarbeid, plastring og istandsetting av gamle tippar mv. der allmennheita ferdes, i dag er god. Dette skulle midlertidig berre vere ein sjølvsgd sak sidan det dreier seg om forgløyming av oppfyllinga av vilkåra i gjeldande konsesjon. Det forventast at NVE sitt miljøtilsyn vil følgje opp ei eventuell utbygging av Mauranger 2 kraftverk m.fl. tett, slik at ein unngår å kome i same situasjon ved den nye utbygginga.

5.2 Tilrettelegging av ferdselsårar og trygg tilkomst till magasina

Kommunen opplever òg at dialogen mellom turlaget og Statkraft lokalt om tilrettelegging for forsvarleg ferdsel rundt og ved vassdraget no har kome inn i eit positivt og konstruktivt spor, og at

det frå Statkraft si side lokalt er eit reelt ønskje om å tilrettelegge turstiar mv. der reguleringa har ført til skader mv. på gamle ferdselsårar.

Likevel kan det sjå ut som den praktiske gjennomføringa stoppar opp ved at tiltaka må godkjennast og/eller følgjast opp sentralt. Kommunen ser det difor som viktig at dialogen med Statkraft lokalt blir følgt opp med konkrete og forplikande tiltak. Dersom Statkraft ikkje ønskjer å inngå forplikande avtale(r) med turlaget og/eller kommunen om ei heilskapleg gjennomgang av dei gamle ferdselsårene i reguleringsområdet, samt å utbetre og ta på seg ansvar for framtidig vedlikehald av desse, ber kommunen NVE om å fastsetje villkår i konsesjonen som pålegg regulanten å utbetre og halde gamle turstiar ved like i dei områda som er påverka av kraftproduksjonen. Kommunen meiner det ikkje er tilstrekkeleg å utsetje oppfølginga av kravet om tilretteleggingstiltak for tur- og friluftsliv ved å vise til standard konsesjonsvilkår, sidan dette òg har ein side som sikrar trygg og god ferdsel i heile friluftsområdet også i framtida. Det vises til vassdragsreguleringslova § 20, der det i konsesjonen mellom anna kan setjast *«ytterligere villkår når det synes nødvendig for å motvirke skader eller ulemper for allmenne eller private interesser»*.

5.3 Bruk av anleggsvegen opp til Juklavatn

Under synfaringa vart det opplyst at anleggsvegen opp Jukladalen vil bli utbetra i samband med rehabiliteringa av hovuddammen på Juklavatn, noko som er planlagt gjennomført i næraste framtid. Kommunen ser dette som positivt. Men som dei som var til stades fekk erfara under synfaringa, er det svært smalt på vegen, og det er store utfordringar og farlege situasjonar kan oppstå når møtande bilar kjem. Kommunen ønsker difor at Statkraft enten frivillig – eller ved pålegg i konsesjonen – blir forplikta til òg å etablere fleire trygge møteplassar for bilar langs anleggsvegen. Denne anleggsvegen ligg i eit svært populært friluftsområde, og det er viktig at tryggleiken blir teken vare på ein tilfredsstillande måte. Når regulanten har fått løyve til å etablere vegen, er det rimeleg at han også har ansvar for å halde vegen tilstrekkeleg trygg og vedlikehalden for bruk for ålmenta.

5.4 Behov for nettilknytning lokalt

Ei anna problemstilling som har oppstått dei seinaste åra, er mangel på tilgang til kraft for elektrifisering og auka forbruk, stor etterspurnad etter nettilknytning og knappheit på nettkapasitet. I handlingsplanen for " *raskere nettutbygging og bedre utnyttelse av nettet*," som er ein del av regjeringa si oppfølging av forslaga frå Strømnettutvalet i NOU 2022:6 – Nett i tide, vert det introdusert nye kriterium for tildeling av nettkapasitet i kraftleidningsnettet der det er kø. Handlingsplanen inneheld fleire viktige grep for å bidra til raskare konsesjonsbehandling av saker hos energimyndigheitene, meir effektiv tilknytning til straumnettet og betre utnytting av dagens nettkapasitet.

Ein annan del av oppfølginga av rapporten frå Strømnettutvalet er forslag til ny forskrift om energiutgreiingar som NVE nyleg har sendt på høyring. I forskriftsforslaget har NVE søkt å styrkje samanhengen mellom utviklinga i kraftleidningsnettet og den generelle samfunnsutviklinga i kommunar og regionar.

Kvinnherad kommune har levert høyringsuttale til forslaget til ny forskrift om energiutgreiingar, og som ei forlenging av dette ønskjer kommunen å påpeike at det òg er viktig at kommunen blir trygg på at delar av den fornybare krafta som utbygginga av Mauranger 2 kraftverk mv. medfører, blir tilgjengeleg lokalt for framtidig forbruksvekst og kjem det lokale og regionale næringslivet til gode. Utbygginga i seg sjølv fører med seg avgrensa med arbeidsplassar og lokale

inntekter. Tilgang til fornybar energi kan derimot gi ringverknader i form av næringsutvikling på lokale og regionale nivå, og er difor av sentral betydning for kommunen si haldning til prosjektet.

6.0 Oppsummering

Vertskommunane har som oppgåve å tryggje interessene til dei i lokalsamfunna som vert råka. Dette gjeld både ved at kommunen får halde ein rettmessig del av verdiar som blir skapte gjennom bruk av deira naturressursar og ved å verne naturmiljøet mot inngrep. For å klarleggje kva som vil vere den beste løysinga for innbyggjarane, ber Kvinnherad kommune om at NVE pålegg regulanten å gjennomføre dei utgreiingane som er naudsynte for å utføre ein forsvarleg revisjon av konsesjonsvilkåra til Statkraft, jf. òg forvaltningslova § 17.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Gunn Tove Petterteig
Kvalitetssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.